

Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande verksemd i Bømlo kommune

Fastsett av Bømlo kommunestyre den 06.10.2008 med heimel i "Forskrift om begrensing av forurensing (forurensingsforskriften)" av 1. juni 2004, del 4 Avløp §12-6, jamfør endringsforskrift fastsett av Miljøverndepartementet av 15. desember 2005, jamfør "Lov av 13. mars 1981 nr.6 om vern mot forurensingar og avfall (forurensingsloven)" §9. Forskrifta gjeld i staden for §§12-7 til 12-13 i forureiningsforskrifta.

§ 1 Verkeområde

Avløpsforskrifta regulerer bruk av tekniske løysingar ved utslepp av avløpsvatn frå separate avløpsanlegg frå bustadhus, hytter, turistverksemdar og liknande verksemdar med utslepp for mindre enn 50 personeiningar (PE) (tilsvarande avløp frå 75 personar). For verksemdar som berre slepp ut gråvatn, gjeld forskrifta berre dersom det er innlagt vatn.

Utslepp større enn 50 personeiningar (PE) vert ikkje omfatta av denne forskrifta og må søkjast særskild løyve for.

§ 2 Definisjonar

Definisjonane i forureiningsforskrifta §11-3 gjeld for denne forskrifta. I tillegg gjeld følgjande:

- 1) Avløpsvatn er sanitært og industrielt vatn frå:
 - vassklosett
 - kjøkken (gråvatn)
 - dusj/vask (gråvatn)
 - vaskerom (gråvatn)
 - overvatn
- 2) Innlagt vatn er vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg og anna som er ført innadørs ved hjelp av røyr
- 3) God sjøresipient er ope sjøområde, open vik med god vassgjennomstrøyming
- 4) Sårbar sjøresipient er sjøområde i terskelfjordar, vikar og liknande der vatnet i liten grad vert skifta ut
- 5) Ferskvassresipient er innsjøar, elvar, bekker og grøfter
- 6) Separatanlegg er avløpsanlegg for inntil eitt hus
- 7) Fellesanlegg er avløpsanlegg for fleire enn eitt hus
- 8) Utsleppspunkt er endepunktet der avløpet renn ut av den tette røyrleidningen og vert tilført resipienten
- 9) PE i denne forskrifta er den mengd organisk stoff som blir brote ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn (BOF₅) lik 60 gram oksygen per døgn. 50 PE tilsvarar utslepp frå om lag 75 personar.
- 10) Brukarinteresser, døme på slike er naturvern, friluftsliv, næringsinteresser m.m.
- 11) Eutrofiering er overgjødning av resipient (tilføring av fosfor og nitrogen som fører til oppblomstring av algevekstar og gjengroing).

§ 3 Krav til innhald i søknad

I medhald av krav sett i § 11 i Forureiningslova skal forureinings spørsmål om mogleg søkjast løyst for større område under eitt. Kommunen kan krevja at det vert arbeidd ut ein samla plan for avløpsreinsing i eit naturleg avgrensa område i forbindelse med utsleppsøknaden.

§ 4 Samordning med andre styresmakter

Kommunen vil i enkeltsaker sørgja for at det vert henta inn uttalar frå følgjande styresmakter der det er naudsynt:

- 1) Helsestyresmaktene
- 2) Hamnestyresmaktene
- 3) Fiskeristyresmaktene

I forhold til andre styresmakter, for eksempel byggesaksstyresmakter, vernestyresmakter i forbindelse med inngrep i verneområde/verna vassdrag/LNF område, må uttalar hentast inn på førehand og leggjast ved utsleppsøknaden.

§ 5 Avløpsnett

Avløpsnettet skal, utan at det medfører uforholdsmessig store kostnader, dimensjonerast, byggjast, drivast og haldast vedlike i samsvar med gjeldande sanitærreglement og med utgangspunkt i den best tilgjengelige teknologi og fagkunnskap, då særleg med omsyn til:

- 1) Mengd og eigenskapar til avløpsvatnet
- 2) Førebygging av lekkasjar
- 3) Avgrensing av forureining av resipienten som følgje av overløp
- 4) Avgrensing av inngrep i naturen

Plassering av tekniske installasjonar her medrekna slamavskiljarar, reinseanlegg og pumpestasjonar, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal koordinatbestemast på digitalt format i samsvar med gjeldande kartverksnormalar og dokumenterast og sendast BVA seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Krav til målenøyaktigheit er sett til +/- 0,5 meter.

§ 6 Område for offentleg avløp

Område omtala som område med 100 % avløpsløyving i Kommunal hovudplan for avløp 2008-2030, er i denne forskrifta definert som område for offentleg avløp.

I område for offentlig avløp skal det alltid forsøkjast å løyse avløpstilhøva med tilknytning til offentlig avløp jf. § 3 Krav til innhald i søknad. Kommunen kan krevja at det vert laga avløpsplan over eit større avgrensa område i samband med søknad om utslepp. Det vert stilt krav om godkjende tekniske planar for anlegget før bygging kan setjast i gang. Vass- og avløpsansvarleg for offentlig avløp (Bømlo Vatn- og Avløps selskap AS) er godkjenningssinstans og skal kontaktast for uttalar i saker som ligg innanfor område for offentlig avløp.

Eigar av avløpsanlegg som ligg utafor område for offentlig avløp, kan seinare få pålegg om tilknytning til offentlig avløp ved ei utviding av område for offentlig avløp.

Område for offentlig avløp er vist på vedlagt oversiktskart.

§ 7 Utslepp til følsamt og normalt område

Ferskvassresipientar med tilhøyrande nedslagsfelt er i denne forskrifta definert som sårbar resipient.

Sanitært avløpsvatn med utslepp til sårbar resipient skal minst etterkomma:

- 1) 90 % reduksjon av fosfor og 90 % reduksjon av BOF_5 dersom det føreligg brukarinteresser i tilknytning til resipienten
- 2) 90 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF_5 for resipientar med fare for eutrofiering der det ikkje føreligg brukarinteresser

Reinseffekten skal reknast ut som årleg middelværdi av det som vert tilført reinseanlegget.

Dersom det berre vert sleppt ut gråvatn, skal gråvatnet gå gjennom slamavskiljing før utslepp til resipient.

Område karakterisert som sårbare resipientar er vist på vedlagt oversiktskart.

§ 8 Utslepp til god resipient

Sjøresipientar er i all hovudsak i denne forskrifta definert som gode resipientar. Unntaket er terskelfjordar som har svært liten vassutskifting..

Sanitært avløpsvatn med utslepp til gode resipientar skal ikkje forsøple strandlinje, sjø og sjøbotn og minst etterkomme:

- 1) Utslepp til gode sjøresipientar:
 - 20 % reduksjon av SS-mengd utrekna som årleg middelværdi av det som vert tilført reinseanlegget eller
 - 180 mg SS/l ved utslepp utrekna som årleg middelværdi
- 2) Utslepp til sårbare sjøresipientar:
 - 60 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF_5

Dersom det berre vert sleppt ut gråvatn, skal gråvatnet gå gjennom slamavskiljing før utslepp til sjø.

Område karakterisert som mindre følsame er vist på vedlagt oversiktskart.

§ 9 Forbodne område

Drikkevasskjelder og reservevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt er i denne forskrifta definert som forbodne områder.

Det vert ikkje tillate noko form for utslepp av sanitært og industrielt avløpsvatn til forbodne område.

Område karakterisert som gode resipientar er vist på vedlagt oversiktskart.

§ 10 Dokumentasjon av reinsegrad

Minireinseanlegg skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg lufttemperatur..

Minireinseanlegg skal inngå drifts- og vedlikehaldsavtale i samsvar med vedlegg 2 til kapittel 11 i Forureiningsforskrifta. Andre reinseanlegg skal ha dokumentasjon på at anerkjend dimensjonering og utforming er nytta. Kommunen kan be om ei uavhengig norsk utgreiing for å dokumentera at den alternative typeutprøvinga er godt nok tilpassa norsk klima og norsk avløpsvatn.

Reinseanlegg med naturleg infiltrasjon i grunnen skal i tillegg ha dokumentasjon på at anlegget sin storleik og plassering er tilpassa dei aktuelle avløpsmengdene og grunntilhøva på staden. Dokumentasjonen skal omfatta grunnundersøking og innehalda informasjon om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, lausmassane sine eigenskapar som reinsemedium og risiko for forureining. Lausmassane sine eigenskapar som reinsemedium kan utelatast frå dokumentasjonen dersom reinseanlegget berre reinsar gråvatn.

Dokumentasjon skal utførast av nøytrale fagkunnige. Prøvar skal analyserast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane. Analysemetodar nemnde i vedlegg 2 til kapittel 11 i Forureiningsforskrifta skal nyttast. Alternativt kan analysemetodar med dokumentert høg korrelasjon med analysemetodane i vedlegg 2 til kapittel 11 i Forureiningsforskrifta nyttast.

Etter eitt års drift skal eigar av anlegget dokumentera reinseeffekten av anlegget for kommunen.

§ 11 Utsleppsstad

Utsleppsstad for avløpsvatn frå slamavskiljar til god sjøresipient skal lokalisert slik at:

- 1) Utslepp til straumførande sjø vert lokalisert minst 6 meter under lågaste vasstand for separatanlegg og
- 2) Minst 15 meter under lågaste vasstand for fellesanlegg og
- 3) Minst 20 meter frå land

Utsleppsstad for avløpsvatn frå reinseanlegg (ytterlegare reinsing enn slamavskiljar) skal lokalisert slik at:

- 1) Utslepp til sjø og ferskvatn vert lokalisert minst 4 meter under lågaste vasstand
- 2) Utslepp til vassdrag berre førekjem i vassdrag med heilårs vassføring
- 3) Utslepp til grunnen berre førekjem i stadeigna lausmassar og
- 4) Minst 20 meter frå land

Utsleppsstad for avløpsvatn frå reinseanlegg skal vidare lokalisert og utformast slik at verknader av utsleppet på resipienten vert minst mogleg og at brukarkonfliktar vert unngått. Krav utover minimumskrav kan setjast i enkeltsaker etter vurdering av dei lokale tilhøva i det aktuelle området.

§ 12 Lukt

Avløpsanlegget skal dimensjonert, byggjast, drivast og haldast vedlike på ein slik måte at omgivnaden ikkje vert utsett for sjenerande lukt. I tillegg gjeld følgjande:

- 1) Kommunen kan, ved sjenanse som fylgje av endring i kringliggjande busetjing og topografi, påleggja anleggseigar å utføra luktreducerande tiltak på anlegget

§ 13 Utforming og drift av reinseanlegg

Reinseanlegg skal dimensjonerast, byggjast, drivast og haldast vedlike slik at det har god nok yteevne under alle klimatiske tilhøve som er normale for staden der dei ligg. Ved utforming av anlegget skal det takast omsyn til variasjonar i mengd avløpsvatn i løpet av året.

Minireinseanlegg skal drivast og haldast vedlike i medhald av skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale jf. vedlegg 2 til kapittel 11 i Forureiningsforskrifta.

Også elles skal reinseanlegg, her medrekna slamavskiljarar, drivast og haldast vedlike i medhald av ein skriftleg og bindande drifts- og vedlikehaldsavtale. For større anlegg må det opprettast eit andelslag/driftsstyre som blir pålagd å inngå ein bindande serviceavtale. For reinseanlegg større enn 15 PE skal det også vurderast om det mest føremålstenlege er at heile eller deler av anlegget vert overteke til kommunal drift og vedlikehald (Bømlo Vatn- og Avløpsselskap AS). Krav til drift og vedlikehald skal setjast som vilkår i utsleppsløyvet.

Slamavskiljarar som er tilknytt heilårsbustad eller fritidsbustad, skal tømast heilt for slam etter behov og ikkje sjeldnare enn høvesvis kvart 2. og 4. år.

Rapport for drift og vedlikehald på reinseanlegg skal sendast kommunen ein gong årleg, samt ved driftsforstyringar/tilhøve som fører til brot på utsleppsløyvet.

Ved installering av anlegg som krev tøming av godkjend tømefirma, her medrekna slamavskiljarar og reinseanlegg, vert det stilt krav om kjørbar veg. Som kjørbar veg reknast veg som minimum er utforma i medhald av vedlegg 2 til §7 i Føresegn for innsamling av forbruksavfall, tøming av slamavskiljarar og tette tankar mm, og om gebyr. Krav om kjørbar veg kan fråvikast der det er aktuelt med tøming frå båt. Dispensasjon kan gjevast i utsleppsløyvet eller etter eigen dispensasjonssøknad.

Det er ikkje tillate å sleppa ut avløpsslam eller ristgods i ein vassførekomst anten ved dumping frå skip, utslepp frå røyrleidningar eller på nokon annan måte.

§ 14 Kva tid forskrifta skal gjelda frå.

Denne forskrifta skal gjelda frå 06.10.2008

Kartvedlegg





Til denne forskrifta er det laga kartsystem som viser dei ulike områda med tilhøyrande reinsekrav:


- X1-0 Oversiktskart Bømlo kommune
- X1-1 Kartutsnitt for Bremnes
- X1-2 Kartutsnitt for Rubbestadneset
- X1-3 Kartutsnitt for Moster
- X1-4 Kartutsnitt for Langevåg
- X1-5 Kartutsnitt for Alvsvåg
- X1-6 Kartutsnitt for Sakseid

Bømlo Kommune

Avløpsforskrift Utslipp <50 pe

Soneinndeling Avløp

-  Område for offentlig avløp
-  Område med sårbar resipient
-  Område med god resipient
-  Forbudte områder



OVERSIKTSKART
BØMLO





X1-0




Bømlo Kommune

Avløpsforskrift
Utslipp <50 pe

Soneinndeling Avløp

-  Område for offentlig avløp
-  Område med sårbar resipient
-  Område med god resipient
-  Forbudte områder



KARTUTSNITT
Bremnes





X1-1



Bømlo Kommune

Avløpsforskrift
Utslipp <50 pe

Soneinndeling Avløp

-  Område for offentlig avløp
-  Område med sårbar resipient
-  Område med god resipient
-  Forbudte områder

Rubbestadneset

KARTUTSNITT
Rubbestadneset





X1-2



Bømlo Kommune

Avløpsforskrift
Utslipp <50 pe

Soneinndeling Avløp


-  Område for offentlig avløp
-  Område med sårbar resipient
-  Område med god resipient
-  Forbudte områder

Sakseid

KARTUTSNITT
Sakseid

X1-6









Bømlo Kommune


Avløpsforskrift Utslipp <50 pe


Soneinndeling Avløp

-  Område for offentlig avløp
-  Område med sårbar resipient
-  Område med god resipient
-  Forbudte områder

KARTUTSNITT Alvsvåg

X1-5









Bømlo Kommune

Avløpsforskrift
Utslipp <50 pe


Soneinndeling Avløp

-  Område for offentlig avløp
-  Område med sårbar resipient
-  Område med god resipient
-  Forbudte områder

KARTUTSNITT
Langevåg

X1-4









Bømlo Kommune

Avløpsforskrift Utslipp <50 pe

Soneinndeling Avløp

-  Område for offentlig avløp
-  Område med sårbar resipient
-  Område med god resipient
-  Forbudte områder

Mosterhamn

KARTUTSNITT
Moster

X1-3

